

Bondestudenten

KRONIKK

MARTIN G. SØYLAND

I år er det 130 år sidan Arne Garborg skreiv sin fyrste roman, «Bondestudentar», ein roman om bondestudenten Daniel Sørbrats vanskelege kvardag i hovudstaden som fattig student.

Det er ingen løyndom at Daniel Braut eigentleg er basert på Garborg sjølv, og mange har hevda at eg og Garborg (skildra gjennom Daniel) har mykje til felles.

Mitt svar vil kontant vera at mykje har endra seg dei siste 130 åra. Mest alt har endra seg dei siste 130 åra, faktisk.

Eg kan argumentera med det faktum at Arne Garborg flytta til Christiania i 1873, medan eg flytta til Oslo i 2010. Til og med byen har skifta namn, noko eg kan fortelja ikkje skjer veldig ofte. Dessutan var Daniel ein bondeson frå Undheim, medan eg er ein bondeson frå Frøyland. Stor skilnad.

Eg kan også føya til ei ende-laus rekkje av andre ting som skil meg frå både Garborg og Daniel. Likevel er våre opplevingar av det å vera student i denne byen på mange måtar lik. Derfor skal eg no beskriva mi oppleving av det å vera bondeson og student i Oslo.

Rådsvill

Då eg flytta til Oslo sommaren 2010, var eg like rådsvill som ein-kvan jærbu ville vore. Eg hadde besøkt byen nokre få gonger, som då Bryne vant cupfinalefesten i 2001. Kampen snakkar me ikkje om.

Mi oppleving av byen var derfor avgrensa. Som jærbuar flest hadde eg traska opp og ned Karl Johan, og det var det. Mor hadde

jo sagt at det er farleg å bevega seg i sidegatene her. Difor var eg veldig overraska då eg oppdaga at byen var både trygg og spennande. Til og med langt utanfor Karl Johan.

Sagene

Ei leilegheit på Sagene vart min nye heim. Denne bydelen, som er kjent for landets lågaste levealder og Høse-Lovisas hus, viste seg å vera ein fin plass å bu.

Etter å ha gjort meg husvarm, prøvde eg å komma i kontakt med lokalbefolkninga. Dei fleste var hyggelege, men eg lærte fort at eg måtte snakka på same måte som dei gjer på fjernsynet for å gjera meg forstått. Den lærdomen kom godt med då eg fekk jobb på ein jernvarehandel i ærverdige Bogstadveien.

Dei lokale innbyggjarane rundt jobben var merkelege. Dei snakka og såg ut som dei ikkje hadde utvikla seg sidan 60-talet, og dei forstod ikkje eit kvekk av kva eg sa. Same kva, jobben måtte eg ha. Sjølv om eg fekk penger av staten for å vera student trengte eg ekstra inntekt, for eg hadde ikkje lyst å bli like svolten som Daniel var då han studerte.

Nettverk

Eg kom også i gang med studiane. Her kom eg i kontakt med folk frå all slags deler av landet og utlandet. Derfor forsvann problema med språk på den sosiale fronten.

Eg fann heldigvis også andre jærbuar som hadde forvilla seg inn på universitetet. Ei av desse var eg til og med i slekt med, noko som forsterka nokre av lokalbefolkningens fordommar om bygdenoreg. Det var ikkje så hytt, for eg fann meg godt til rette i studentlivet.

Då eg var ferdig med eit ritual kalla «fadderveke», kunne eg endeleg ta fatt på studia. Det var jo

FAKTA

OM FORFATTAREN

- Komiteen for Garborgdagane utfordra «bondestudent» Magnus G. Søyland til å skriva noko til samanklning med Garborg sin roman.
- Magnus G. Søyland er frå Frøyland. Han studerer ved Universitetet i Oslo.

trass alt hovudgrunnen for mitt opphald i byen.

Språkproblem


I studia oppstod plutselig språkproblema igjen. Professorane snakka eit språk eg ikkje hadde høyrte før. Det var ein slags degennerert blanding av engelsk og bokmål dei kalla for «fagspråk». I dette språket blir til dømes sam-anlikne om til komparere og årsaksamanheng om til kausalitet.

Eg var lenge sterkt hindra av dette språket, som eg no snakkar mest flytande. Då eg var komfortabel med eigen meistring av språket, kunne eg begje meg ut på neste fase av studia. Denne fasen handlar om å lesa så fort som mogleg, og hugsa så mykje som mogleg på ei viss tid. Ein stor del av kvardagen brukast på denne aktiviteten.

Storparten av tida sit eg og les i eit slags ope kontorlandskap kor ingen har lov å laga lyd av noko slag. På lokalspråket kallast det for «lesesal». Eg forstod heldigvis konseptet fort, for dei som knaskar på søteple og snakkar i mobiltelefonen får ofte veldig stygge blikk, og i nokre høve eit «hysj» mot seg.

Eksamen

Etter nokre månader med lesing kjem den store testen, nemleg eksamen. Dette er tydelegvis ein høgt verdsatt tradisjon hjå



GIENNOMBROT: Framsida av Aschehoug si utgåve av Bondestudentar frå 2001.

Universitetet i Oslo, for eksamen her har ikkje endra seg sidan Garborg sjølv studerte.

Heldigvis har nyvinninga «gjennomslagsark» fått innpass i tradisjonen, som kort sagt består av eit fire timers langt oppkast med ein pen av alt du har lese om dei siste månadane. Resultatet kjem i form av ein karakter som strekk seg frå A-F. Jammast kjem han i forma av bokstaven C. Etter alle eksamenane har du eit par veker ferie før du byrjar på same prosedyre igjen.

Heimlengt

Stundom saknar eg Jæren. Saknar at ein kan «kjenna vinden, kjenna regnet, kjenna solå», og at dei endåtil kan kome alle på likt.

Eg saknar at alt som trengs å bli gjort faktisk blir gjort når det trengs å gjerast. Jærbuar treng ikkje setta ned eit utval som skal sjå på om me treng å gjera det me ska gjera, me berre gjer det.

Eg saknar at folk forstår kva eg seier, og at naboen kjem for å låna ein kopp sukker.

Likevel er det mange fordelar med å bu her. Eg treng ikkje sjå på rutetabell for å ta bussen, han går jo heile tida. Eg har fleire restaurantar i ein hundre meters omkrins enn eg hadde naboar heime. Ein kan finna eit universitet her, som ikkje er ein forkledd høgskule. Eg har kort veg til dei beste skiløypene i verden, som eg kan bruka heile vinteren og mykje meir.

Kort sagt har nokre ting endra seg mens andre ting er just som dei alltid har vore.

Eg vil avslutta med et sitat eg likar frå «Bondestudentar», kor eg kan kjenna meg igjen i korleis Daniel følar seg:

«Han lagde dusken bak; lagde dusken fram; lagde dusken midt på aksli; nei. Det vart ikkje den rette svingen.»

Eg saknar at alt som trengs å bli gjort faktisk blir gjort når det trengs å gjerast. Jærbuar treng ikkje setta ned eit utval som skal sjå på om me treng å gjera det me ska gjera, me berre gjer det. Eg saknar at folk forstår kva eg seier, og at naboen kjem for å låna ein kopp sukker.